



Bergen og Omland havnevesen  
Postboks 6040  
5892 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2869 - 19/24892

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

04.12.2019

## Detaljreguleringsplan for FV. 245 - Fosse -Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset

### BEGRENSA HØYRING:

Forslag til detaljreguleringsplanen for *Fv. 245 Fosse- Moldekleiv med oppgradering av Fossekrysset* var til høyring og offentlig ettersyn i perioden 5.1.2019 – 16.2.2019. På bakgrunn av innkomne innspel og merknader er det no utført naudsynte justeringar og nokre mindre endringar av planforslaget før den kan fremjast til 2. gongshandsaming og endeleg vedtak i kommunestyret. Desse endringane blir vist i kartusnitt og tekst nedanfor.

Sidan dykkar eigedom blir berørt av planforslaget, vil vi med dette brevet varsle om desse endringane, jf. plan- og bygningslova § 12-10.

### Plankart 1

Område vist som o\_LNA, avsett til anlegg- og riggområde på g.nr./b.nr. 25/1-14 kan ikkje kombinerast med bandlegging etter kulturminnelova eller med ei omsynssone for bevaring av kulturmiljø. I planforslag på 1. gongs høyring var freda lokalitet ikkje koda rett, med H730. Hordaland fylkeskommune varsla at dei vurderte å fremje motsegn i høve kulturminne av vesentleg regional og nasjonal verdi.

Nytt plankart er oppdatert for å etterkoma hovudpunkt i fylkeskommunens merknad for dette plankartet. Sosi-kode H730 ligg no over heile det automatisk freda kulturminnet, samt er det lagt ei ytterlegare 5 meter tilhøyrande sikringssone. Utanfor det freda kulturminnet med sikringssone, ønskte fylkeskommunen også ein omsynssone, koda H570 (omsynssone for kulturmiljø). Den er også lagt inn.

Det er ikkje lagt inn omsynssone heilt til bru, eller på nordsida av vassdrag. Dette fordi det er trong for tilgang til arealet nær bru for m.a vedlikehald, utan å måtte søkje til kulturminnemynde for alle tiltak her. På nordsida av vassdraget har kommunen eit septiktankanlegg, som på same måte må vera tilgjengeleg for drift og vedlikehald utan å først må søkje til kulturminnemynde om det.

---

#### Postadresse


postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt


www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)




Utsnitt frå planforslag på 1. gongshandsaming




Utsnitt for endra kart etter høyring

### Plankart 2 og 3

Areal regulert med formål parkering, felles (f\_SPA) på g.nr./b.nr. 25/79 er justert for å gi plass til GT3, ein sti til naust på 25/125. Dette er gjort med bakgrunn i merknad frå grunneigar på 25/125 og 25/79.



Utsnitt frå planforslag på 1.gongs høyring



Utsnitt for endra kart etter høyring

### Plankart 3 og 4

Privatveg f\_SV7 er flytta vekk frå SEFRAK-registrert løe, slik at ein har moglegheit til å bevege seg rundt, samt drive vedlikehald på bygning utan å måtte nytta veg f\_SV7. Etter ynskje frå fylkeskommune, er begge husa frå «Storaløa» trekt ut av anlegg- og riggområde. Heile området mellom dei to driftsbygningane er også tatt ut av planen.






Utsnitt frå planforslag på 1.gongs høyring




Utsnitt for endra kart etter høyring

### Plankart 4 og 5

Formål til parkeringsareal for turgåarar er kraftig innskrenka etter ynskje både frå grunneigarar i området, og fylkeskommune. Føresegnsområde over landbruksformål er fjerna i plankart. Rett til å leggja bekk i røyv er sikra i føresegn for Landsbruksformål (LL).




Utsnitt frå planforslag på 1.gongs høyring



Utsnitt for endra kart etter høyring

### Plankart 5

Planområdet er auka noko for å tilpasse plan mot sti i tilstøytane naboplan for Midsundet. Ein har også lagt inn illustrasjonssymbol for sti i planen.




Utsnitt frå planforslag på 1. gongs høyring




Utsnitt for endra kart etter høyring

### Plankart 5

Ein potetkjellar på gnr., bnr 27/25 har fått omsynssone, H570. Ein har trudd at denne låg utanfor plan, men merknad frå fylkeskommunen har gjort ein merksam på at den ligg nærare veganlegg enn opphavelag tenkt. Avkøyrsløse til g.nr./b.nr. 27/87 er opna att etter innspel frå grunneigar. Stenging her vil krevja innløysing av garasje, samt fare for ombygging av bustadhus for å sikra tilkomst



Utsnitt frå planforslag på 1. gongs høyring



Utsnitt for endra kart etter høyring



**Merknader til endringer i planforslaget** må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen til [potsmottak@meland.kommune.no](mailto:potsmottak@meland.kommune.no) eller brev til Mealnd kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden skal stilast til planavdelinga.

**Merknadsfrist er sett til 6.1.2019.**

Dersom de har spørsmål i saka kan sakshandsamar Merethe Tvedt kontaktast på tlf: 56171182.

Merethe Tvedt  
Rådgiver planforvaltning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*